

ÅRSMELDING 2020

VALLDAL IDRETTSLAG

Styret 2020-

- | | |
|-------------------------|---------------------------------|
| • Einar Hoel | leiar |
| • Odd Lennart Vikene | nestleiar |
| • Trond Håvoll | kasserar |
| • Anne Nygård | skrivar |
| • Ellisiv Valdal Jarvik | styremedlem, ansvarleg klubbhus |
| • Solfrid Fjeldstad | leiar fotball |
| • Magne Eivind Glomnes | leiar friidrett |
| • Jan Ole Fuglem | leiar ski |
| • Oddbjørn Myklebust | leiar trim |
| • Richard Moen | leiar disksport |
| • Turid Løvoll | 1. varamedlem |
| • Anne Lene Hjelle | 2. varamedlem |

2020 vart prega av korona-viruset som kom til landet tidleg på året. Restriksjonar og reglar påverka også Valldal idrettslag. Mykje aktivitet og mange arrangement vart avlyst, spesielt i perioden frå mars og fram til ettersommaren. Særleg fotballen måtte legges ned stort sett all aktivitet denne perioden. Aktiviteten måtte tilpassast også resten av året, og det har halde fram vidare inn i 2021.

Det vert spennande å sjå korleis dette har påverka rekruttering, aktivitet og motivasjon når vi får meir normale tilstandar att

Årsmøte - styrearbeid -

Det har vore gjennomført 9 styremøte i 2020 og behandla 42 saker. Alle styremøter har vore gjennomført som fysiske møter innanfor gjeldande smittervernreglar. 1.varamedlem er alltid innkalla og møter vanlegvis på styremøte.

Årsmøte 2020 vart utsett til juni og vart då gjennomført som fysisk møte. Det vart også gjennomført ekstraordinært årsmøte i oktober for å vedta rammer for skiskyttar-/skianlegg på Grønningsæter-Høghjelle.

Medlemmar –

I 2020 vart det registrert 233 betalande medlemmar. Det er ein forholdsvis stor nedgang i medlemmar i høve til 2019 til tross for at medlemskontingenten vart redusert i 2020. Det kan vere ulike grunnar til dette. Ein grunn kan vere faktura vart sendt ut først i juli. Korona-viruset sette etter kvart ein stoppar for svært mykje aktivitet. Dette gjorde nok at ein del ikkje såg det ”nødvendig” å betale medlemskontingent.

Laget nyttar Klubbadmin for registrering av medlemskap, innkreving av kontingent og oppfølging av betaling. Gjennom Klubbadmin ivaretek laget også krava om personvern ved registrering og handtering av medlemsopplysningar.

Valldal idrettslag har fem æresmedlemmar; Inger Aufles, Hans Martin Gjedrem, Anneli Rem, Lars Ivar Henriksen og Einar Hoel.

Representasjon –

Fjord idrettsråd vart etablert 1.1.20. Første leiar var Per Jomar Nerli som hadde vervet fram til årsmøtet i oktober 2020. Då vart Einar Hoel vald til leiar

Valldal IL har delteke i dialogmøte for frivillige lag i Norddal kommune og nettmøte med Møre og Romsdal idrettskrets

Bygg og anlegg-

2020 vart eit stille år når det gjeld anlegg. Det er ikkje større anlegg i arbeid. Det meste har dreia seg om drift og vedlikehald.

Anlegg for skiskyting og ski på Grønningsæter-Høghjelle

Også i 2020 vart det arbeidd med planlegging av anlegg for skiskyting og reserveområde for ski på Grønningsæter-Høghjelle. Det er avtalt leige/bruk av grunn med aktuelle grunneigarar. På ekstraordinært årsmøte i oktober vart planar godkjent, med kostnader og finansiering. På grunnlag av dette vart det sendt søknader om spelemidlar. Det viste seg imidlertid at etablering av leigeavtalar for grunn var meir omfattande arbeid enn det ein såg for seg. Dette skuldast nok både mangelfull informasjon frå kommunen og for lite kunnskap og undersøkingar i idrettslaget. Området er ein del av kommunen sin arealplan, og då må det søkjast om dispensasjon frå denne eller lagast eigen reguleringsplan for å etablere eit skiskyttaranlegg. Dette vil medføre ei forseinking med bygging av anlegget

Kunstgrasbana

Det vart i 2020 utført djuprens av bana av firma TEBE sport. Dette er nødvendig å gjere med jamne mellomrom for å ta vare på bana og at den skal vere god å bruke. Det vart konstantert at det er litt lite granulat i bana og dette bør etterfyllast.

Hoppbakkar på Myklebust

Desse er ikkje lenger i bruk og er stort sett grodd att. Det er gjort eit arbeid med å fjerne dommartårn, men det står framleis litt arbeid att. Stolpar må også fjernast.

Lys på Idavollen/Valldal stadion

Det har ikkje vore arbeidd med dette i 2020

Ressursgruppa

Gruppa har også i 2020 utført diverse oppgåver ved klubbhuset og på stadion. Det er gledeleg å sjå at gruppa veks og stadig fleire møter opp og tek eit tak for idrettslaget. Valldal IL takkar så mykje ressursgruppa for arbeid som vart gjort i 2020.

Anlegg- og utstyrplan

I 2018 vart det laga ein anleggs- og utstyrplan for Valldal IL. Denne gjev oversikt over laget sine anlegg og utstyr. Planen er no revidert og oppdatert

Idrettsskulen

Det vart heller ikkje idrettsskule i 2020. Det er vanskeleg å få nokon å ta på seg hovudansvaret for denne aktiviteten. I tillegg gjorde korona-viruset det svært vanskeleg å få til eit slikt tilbud dette året.

Tilsette –

Valldal idrettslag tilsette i 2020 dagleg leiar i fast 30 % stilling. Etter utlysing, søknad og handsaming i styret, fekk Olav Løvull tilbod om tilsetting frå 1.10.20, noko han også takka ja til. Dette er ei stilling som skal avlaste styret og også gruppestyrer med ein del oppgåver og som på sikt også bør vere med å utvikle Valldal idrettslag. Vi ønskjer Olav velkomen til ei spennande stilling i Valldal idrettslag.

Louise Heggen var reinhaldar på klubbhuset fram til august. Då overtok Astrid Dale denne stillinga. I tillegg har det vore avtale med Anders Rem om tilsyn og forefallande arbeid på klubbhuset.

Det var lønna personar for vedlikehald og stell av kunstgras- og grasbane, og sjåførar til trakkemaskin.

Rekneskap vart ført av Norddal Rekneskapskontor AS.

Arrangement -

Det var få arrangement som vart gjennomført i 2020.

Den årvisse marknaden i april vart avlyst.

Mefjellet opp vart arrangert i juni. Også dette vart mykje påverka av korona. 60 deltakarar stilte i konkurranseklassa som denne gongen vart gjennomført med intervallstart.

Mosjonsklassa vart gjennomført med eigenregistrering frå deltakarane. Dette fungerte bra og 86 personar registrerte seg. Det vart eit positivt arrangement i eit tid det var få andre løpstilbod.

Olsokarrangementet i tradisjonell forma vart avlyst, men litt fekk vi likevel til. Jordbærdilten vart gjennomført 25. juli med i alt 132 deltakarar, derav 80 i konkurranseklassa. Start og innkomst var lagt til Rådhusmarka for ikkje å få for stor samling av folk i sentrum. Dette fungerte bra og kan truleg også vurderast også for seinare arrangement. Løpet gjekk som planlagt og arrangørstaben vart fornøgd med dagen.

På kvelden var det konsert med Ferdafolk m/gjestar i Fjellrohagen. Dette var eit samarbeid med Fjellro turisthotell. Grappa markerte 25 års jubileum etter debuten på olsok i 1995. Diverre var det dårleg opplutning frå publikum på konserten.

Det var gode sponsorinntekter på både Mefjellet opp og det amputerte olsok-arrangementet slik at det også i 2020 vart eit positivt bidrag til økonomien i idrettslaget.

Regjeringa kom i løpet av året med ulike kompensasjonsordninga for avlyste arrangement eller tapte inntekter p.g.a. korona. Valldal idrettslag søkte om og fekk innvilga i alt 198.240 kroner i støtte. Dette fordelte seg på tapte inntekter for marknad, olsok, skikafe, fotballkiosk, Tine fotballskule og bygdafest på Martin Linge huset. Det siste søkte idrettslaget om på vegne av brukargruppa og 59.150 kroner vart overført til Martin Linge huset.

Av andre arrangement som Valldal idrettslag har delteke på og som vart avlyst kan nemnast bygdafest på Martin Linge huset og aktivitetsdag for personar med nedsett funksjonsevne.

Anna

Valldal idrettslag sine vedtekter vart i 2020 endra i samsvar med mal frå NIF. Det medførte at revisorar gjekk ut og på årsmøtet 2020 vart det vald kontrollnemnd. Denne har ein utvida funksjon i høve til revisorane og skal m.a. følgje opp vedtak både på årsmøte og i styret. Den nye kontrollnemnda har sett seg godt inn i funksjonen sin og gjort ein god del ”nybrottsarbeid” og også har peika på forhold som bør endrast og forbetrast. Det er no lagt ein god mal for vidare i nemnda.

I arbeidsplanen for 2020 er det eit viktig punkt som omhandla likestilling og mangfold. Dette har vorte for lite prioritert.

Økonomi –

Samla rekneskap for 2020 viser eit positivt resultat på 268.620 kroner. Så godt som alle undergrupper har pluss i sine rekneskap. Hovudlaget har ei overskot på 164.126 kroner. Dette er eit særst godt resultat i eit elles utfordrande år.

Det har gode faste inntekter frå Grasrotandelen frå Norsk Tipping, Lokale aktivitetsmidlar og mva kompensasjon på drifta i 2019. Gledeleg er det å sjå at Fjord kommune utbetalte kr 53.000 i kulturmidlar i 2020. Dette tilskotet har vore nesten kr 0,- dei siste åra

Samla inneståande på konto og i kasse pr 31.12.20 var om lag 2,2 mill kroner. Av dette utgjer gåvekonto til nytt anlegg på Grønningsæter/Høghjelle 844.000 kroner. Driftsrekneskap og balanse viser at Valldal idrettslag har ein solid økonomi. Det vert elles vist til rekneskapet for 2020.

Til sist vil vi takke alle som støtta Valldal Idrettslag også i 2020. Mange firma og andre, både lokalt og i regionen, stiller opp når det er spørsmål om å bidra. Vi vil også takke kvar enkelt som stiller opp for idrettslaget og idretten i Valldal. Dette gjeld alle som tek på seg verv, leiarar og trenarar, dei som står i kiosk og kafe, dei som organiserer og hjelper til på arrangement og utfører større og mindre oppgåver. Kvar og ein er viktig for at idrettslaget skal fungere.

ÅRSMELDING 2020

VALLDAL IL - DISKSPORT

Styret

- Richard Moen (leiar)
- Terese Jemtegård Moen (kasserar)
- Hogne Telford Grønningsæter (styremedlem)
- Henrik Engeseth Andersen (styremedlem)
- Linda Frostad Løvdøen (styremedlem)

Styrearbeid

Styret har hatt fire møter i 2020; 5. mars, 12. mai, 2. juni og 17. september.

Representasjon

Den årlege nasjonale klubbleiarsamlinga for 2020 på Gardermoen blei denne gongen utsett til 2021 og gjennomføringa kjem til å bli via Teams.

Tal på aktive og aldersfordeling

Grappa har 15 registrerte medlemmar. Kjønnfordelinga er 11 menn og fire kvinner. Vi har ingen i alderen opp til 12 år. Det er to personar i alderen 13-19 år, seks i alderen 20-25 år og sju i alderen 26 år og oppover.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald

Vi brukar banen på Jemtegård Feriesenter. I 2020 gjekk vi til innkjøp av 30 diskar til utlån for nybegynnarar og til bruk ved opplæring/kurs. Det blei også laga ordentlege skilt til alle 18 hola og Nord-Vest Revisjon sponsa oss med 5.000 kroner her. Klubben eig 18 utkastskilt, to faste korger, tre flyttbare korger og to utkast. I tillegg har vi også ei ryddesag. Det har blitt utført fleire dugnadar gjennom året, i tillegg til vedlikehald vi har gjort individuelt. Den første dugnaden var i forkant av Vårslepp i slutten av mai. Så hadde vi dugnad 6. juni, 20. juni,

Arrangement

2020 blei eit annleis år pga. pandemien, men vi fekk likevel gjennomført Vekas runde, Søndagsrunden, Vårslepp, Jemtegård Open og klubbmeisterskapet. Søndagsrunden var ein ny vekesgolf der vi gjekk alle 18 hol. 10 personar gjennomførte med minimum fem rundar. Vekas runde gjekk som vanleg med 12 hol, der 15 personar gjennomførte med minimum fem rundar. Vi endra til fleksibel starttidspunkt for begge desse vekesgolfane, for å vere innafor dei til ein kvar tid gjeldande smittevernreglar. Dette var ein suksess. Vårslepp blei i år ein suksess med 31 deltakarar, tre av dei var norgesmeistrar. Nord-Vest Revisjon AS sponsa både Vårslepp og Jemtegård Open med til saman 10.000 kroner. Vi brukte mesteparten til Jemtegård Open der 37 personar deltok og med ein førstepremie pålydande 3.000 kroner. Vi hadde ei offisiell avslutning av sesongen med klubbmeisterskap søndag 27. september. 12 personar deltok i strålande vær. Etter konkurransen blei det pizza og brus til alle medlemmar med familie.

Aktivitet, trening, konkurransar

Vi har trena måndagar inne i hallen om vinteren, fram til pandemien stoppa oss. Måndagstreningane la vi på hylla då utesesongen starta. Vi har også hatt mykje besøk av reisande frisbeegolfarar og fått mange flotte tilbakemeldingar på ein variert og godt vedlikehaldt bane. Dei vanlege arrangementa blei gjennomført tilnærma som før, med nokre små justeringar. Vi hadde difor ikkje behov for å søke «koronastønad».

Resultat

Eirik Lødøen vann både klubbmeisterskapet og Søndagsrunden. På Vekas runde blei det delt seier mellom Eirik og Richard. Det var langevågarar som vann både Vårslepp og Jemtegård Open. Valldal IL nådde ikkje heilt opp på pallen i desse to turneringane på heimebane. På Øverås deltok Bjarte, Eirik, Henrik, Runar og Sander i PCS Open. Vi hadde fleire deltakarar i norgescupen (NC) og NM. Richard var med på tre NC-deltakingar. Eirik, Henrik, Runar og Sander deltok på to NC og Bjarte på eitt. Under årets første NC banka Sander til med eit kast på 150 m og vann den innlagte konkurransen «Lengste kast» blant 92 deltakarar over 3 rundar! I NM i Klæbu 30. juli – 2. august stilte Eirik, Henrik, Runar og Sander i open og Richard i grandmaster. Eirik, Runar og Sander deltok også på pre-NM i midten av juni.

Økonomi

Utgiftene i 2020 var på 38 408,13 kroner og inntektene var på 43 540 kroner. Dette gjev eit overskot på 5.133,87 kroner. Vi har per 31.12.20 innestående på konto 18.076,65 kroner.

Valldal 05.03.21

Styret disksport

ÅRSMELDING 2020

VALLDAL IL - FOTBALL

Styret:

- **Solfrid Fjeldstad** leiar og politiattest ansvarleg.
- **Kathrine Gjerde** – nestleiar, materialforvaltar og Fair Play ansvarleg.
- **Cato Heggen**-kasserar
- **Kjetil Uri** – Dugnadsansvarleg
- **Ramona Johnsen** – kiosk og draktansvarleg, fordeling av treningstider.

- **Eirik Lørdøen** - 1.vara

- **Glenn Rognsø og Odd Lennart Vikene**- valnemnd.

Andre ansvarlege er:

- **Anders Rem** dommar/bane og dugnadsansvarleg
- **Richard Moen** -FIKS ansvarleg.
- **Odd Lennart Vikene** – trenar koordinator.
- **Marius Moe** – Grendacup ansvarleg.

Styrearbeid-

Styret har hatt 3 møter etter årsmøtet i 2020. Det har vore ein noko avstumpna sesong, så aktiviteten har vore lav. Vi i styret har hatt jevnlig kontakt på Messenger gruppa og diskutert saker der, etterkvart som dei har dukka opp. Viktig å halde kontakten og aktiviteten i gang sjølv i desse tider.

Sakene vi har jobba med er:

- handtering kampavvikling –smitteverns reglar og få opp trygge rammer slik at vi kan oppretthalde aktiviteten for born og unge. Har fått ein del skryt av motstandar lag av gode tiltak og kjekt å kome på kamp her, og det er jo kjekt.
- Bygging av innbytar benkar – ein er komen opp, den andre skal opp i løpet av sesongen 2021.
- Påmelding aktive
- Påmelding lag til kretsen
- Dispensasjonar
- Har gått over sponsor reklameskilt på Kunstgrasbana- ikkje heilt i mål der endå.
- Overgangar.
- Kretskontakt
- Rekneskap
- Budsjett
- Fakturering og betalingsoppfølging
- Lagleiar/trenarmøter
- Løysing i forhold til ferjereiser
- Div. Dugnadsarbeid.
- Programbladet – utgikk i 2020 pga. lite aktivitet.

Representasjon-

Har ikkje vore aktivitet og alt av møter og kretsting har foregått pr. Teams møter og lignende. Leiar har delteke på ein del av Teams møta som har vore aktuelle for oss, då særleg med tanke på smittevernsreglar og sesongstart ol.

Tal på aktive ,trenarar , lagleiarar og dommarar-

Talet på aktive var i 2020 nokså likt 2019 (ca rundt 100 stk.)- bortsett frå senior som ikkje fekk spele/trene i det heile. Nokså jamt fordelt mellom jenter/gutar. Senior kutta alt pga. Korona som gjorde at dei ikkje fekk trene eller spele kampar . Dei er påmeldt til ny sesong 2021 – og vi håpar at det går bra i år. Vi deltok med 8 lag i kretssystemet. Senior fekk lov å trekke laget, i og med dei ikkje kunne få trene/spele kampar.

Vi hadde i 2020, rundt 20 trenarar og lagleiarar for laga våre. Fleire av dei har stilt på og tatt fleire roller. Vi er takkemelege for alle som stiller på - de gjer ein fantastisk jobb. Av desse 20 var 8 kvinner – fleire er ønskeleg.

Valldal IL Fotball har på det jamne 2-4 dommarar som stiller opp og dømmer dei fleste heimekampane til Valldalslaga.

Anlegg/utstyr,drift og vedlikehald-

- Vi har hatt dugnad vår og haust - klargjering og opprydding før/etter sesong.
- Vi har fått sett opp ein av innbytar benkane på stadion-neste kjem i løpet av 2021.
- Oppdatering /jobb med reklame skilt sponsorane våre på KGB.
- Djuprens av KGB vart utført sommar 2020.
- Snøbrøyting av KGB.
- Signert Rongve avtale for 3 nye år.
- Vi fekk sponsa to nye draktsett ev Sparebanken Møre.

Det er investert i diverse treningsutstyr – flyttbar ballvegg på bana og ein ballvegg til å ha skuddtrening på som skal hengast opp inne i måla, ein del ballar og anna småutstyr.

Arrangement-

Vi fekk ikkje avhalde noko arrangement 2020 sesongen pga. Korona.

Delar av fotballgruppa var med å hjalp til under den litt amputerte Olsok feiringa i år - med jordbærdilten og konsert i Fjellrohagen.

Vi jobba for at kamp avviklingane skulle vere innafor retningslinjene. Fokuset vart stort sett det å greie å halde smittevernsreglane for å kunne fortsette å avvikle kampar, både heimekampar og bortekampar.

Tine Fotballskule har vore populært, men også dette tok vi ein pause frå i 2020. Denne bør vi vurdere å halde fram med, då dette er populært og eit positivt tilskot for fotballen i Valldal. Julegrendacup 2020 vart og avlyst pga. korona, vi tok ikkje sjansen med å samle mange på ein liten plass med mange tilreisande . Den tradisjonen Julegrendacupen har vorte bør vi prøve å oppretthalde, vi håpar at den kan avviklast i 2021.

Aktivitet, treningar og konkurransar-

Det har som sagt vore utfordringar med avvikling av både kampar og treningar pga Korona. Vi i styret fulgte retningslinjer frå kretsen ,i tillegg til FHI sine retningslinjer og vi lagde reglar som vi meiner har fungert godt. God kartlegging av dei som møtte til trening ved innføring av SPOND- ein app, der kvart lag legg inn treningar og registrerte kven som deltok på trening – dette er viktig for evt. smittesporing. Vi la ned forbud mot at tilreisande slekt/vener kunne dukke opp på treningane, noko som vi i vanlege tider berre synes er kjekt.

Vi fekk etterkvart gode rutine på kampavvikling: Publikum vart registrerte ved inngang – tilreisande lag hadde med seg namnelister over sine spelarar og tilskodarar. Ingen fekk bruke garderober (kun ved virkelig behov selvfølgelig), kun toalett. Vart garderober brukt så vart reinhaldar varsla og garderobene vart godt vaska etter bruk.

Vi hadde eit fokus på at vi skulle halde kiosken åpen-godt tilrettelagt med vatn på kanne - våtserviettar-og desinfeksjonsspray. Vi selde for det meste ting som var innpakka – tok kun kort og VIPPS –lite handtering av pengar.

Vi hadde planlagd ein rekrutteringsdag i lengre tid som skulle avhaldast i mars-denne gjekk óg ut. Håpet er å rekruttere nye og å halde på dei vi har, ved å lage til ein kjekk kveld/ettermiddag for borna frå siste året i bhg opptil og med 7.kl. Denne dagen håper vi kan avhaldast vår 2021.

Økonomi-

Driftsresultatet er positivt på kr. _____28867,-_____.

Det har gått bra sjølv om vi ikkje har hatt så mykje inntekter. Vi har heller ikkje hatt dei heilt store utgiftene anna enn innbytar benkane. Vi sendte òg ut reduserte treningsavgifter for 2020 pga redusert aktivitet. Sponsor inntektene er også halverte i år, nokre av sponsorane ville betale fullt ut likevel, vi er takknemlege for det.

Valldal 21/2.21

Styret VIL Fotball

ÅRSMELDING 2020

VALLDAL IL - FRIIDRETT

Styret-

- Magne Eivind Glomnes, leiar
 - Vibeke Valdal Myeza, nestleiar
 - Jacek Wilczura, kasserar
 - Cathrine Berli, skrivar
-
- Anne Mette Rem har vore varamedlem.

Styrearbeid-

Det har vore eitt styremøte i 2020, elles har det vore kontakt via messenger.

Tal på aktive, aldersfordeling-

Det er mange aktive i dei yngste klassane på friidrettscupen. Totalt var det 48 som har delteke på meir enn eitt arrangement i løpet av sesongen. Nokre ungdomar og veteranar er aktive i trening og har delteke i nokre konkurransar i 2020.

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehald-

Det har ikkje vore gjort noko i høve anlegg, drift og vedlikehald i 2020.

Arrangement-

Friidrettscupen vart noko amputert i 2020 på grunn av Covid19 restriksjonar. Valldal IL arrangerte tre cupar på heimebane i august-september. 48 personar fekk samanlagtpremie for deltaking i to eller tre cupar.

Mefjellet opp vart arrangert 29. juni med intervallstart på grunn av restriksjonar.

Jordbærdilten vart også arrangert klassevis med puljar på inntil 20 personar.

Aktivitet, trening, konkurransar – og resultat-

Det har ikkje vore gjennomført organisert trening i 2020. Norddalstafetten vart ikkje arrangert i 2020. Nokre løparar har delteke på nokre av dei få konkurransane som har vore på landeveg, terreng eller motbakke.

Økonomi-

Rekneskapan viser eit resultat nesten heilt i balanse i 2020.

Kretskontingent og premiar utgjer dei største utgiftene.

Styret takkar for seg og ønskjer vel møtt på friidrettsbana i 2021.

Valldal 11. mars 2021

Friidrettsgruppa Valldal IL, styret

ÅRSMELDING 2020

VALLDAL IL - SKI

Styret-

- Jan Ole Fuglem Leiar ,
- Terje Nerhus Nestleier;
- Geir Arne Myren Kasserer,
- Anne Gry Myklebust Styremedlem,
- Juliette Becholdt Styremedlem
- Per Jomar Nerli 1 Vara (møter fast)
- Hans Martin Gjedrem 2 vara

Følgende arbeidsgrupper har fungert siste år

Trakkemaskingruppe

Magne Hoel
Fridjon Døving
Terje Hoel
Aksel Indreide

Skikafe/premienemnd

Anne Gry Myklebust Vestre
Juliette Bechtold

Treningsnemnd

(langrenn/skiskyting)

Jan Ole Fuglem
Per Jomar Nerli
Anne Gry Myklebust Vestre
Tina Fuglem

Tilsynsnemnd Lysløype

Magne Hoel
Kjell Vad
Terje Nerhus
Aksel Indreide

Rennavvikling

Anne Gry Myklebust
Jan Ole Fuglem

Nettside

Magne Eivind Glomnes

Anleggsnemnd skiskyting

Jan Ole Fuglem
Per Jomar Nerli
Hans Martin Gjedrem
Anne Gry Myklebust
Einar Hoel

Programbladnemnd

Per Jomar Nerli
Linda Gjerde Myren

Sonekontakt

Jan Ole Fuglem

Styrearbeid-

Styret har møter etter behov men jobber godt gjennom hele året. Gruppen fungerer fint oppgaver løses fint ved behov. Det er avholdt tre styremøter i løpet av året 2020

Representasjon-

Sesongen (høsten) 2020 har Valldal il hatt løpere på kretslag og Storfjordlangerenn, team nordfjord rekrutt og team Nordfjord.

Kretslag, Eskil Linge Glomnes

Storfjordlangrenn; Elida Fuglem, Silje Nerli, Laurits Linge Glomnes, Heine Fuglem og Jørn Marius Myren.

Team Nordfjord Rekrutt ; Silje Nerli

Tema Nordfjord (Styrn VGS) Eline Mathea Myren

Elin Mathea Myren, Silje Nerli og Elida Fuglem deltok på Møre og Romsdals sitt stafettlag i Kong Haralds ungdomstafett i Holmenkollen.

Aktive-

ca 25 - 30 aktive er på trening fast i topp sesong som er november - mars. Aldergruppe 1 - 10 klasse. På skiksyttertreninger er vi i alt 17 aktive fra 4 klasse og eldre. En aktiv på juniorsida i skiskyting og 1 i langrenn. Fleire ivrige «birkebeinera».

Anlegg/utstyr, drift og vedlikehold-

Det jobbes for å realisere nytt anlegg for Skiskyting og reservearena for langrenn. Dette arbeidet har fått stor og god oppslutning. Det gjenstår noe ennå men håper at det kan stå klart så fort som mulig. Trakkemaskina er i godt vedlikehold og fungerer bra, Skjeldalfres brukes i størst grad høst ved tidlig snø. Det er kjøpt inn noke treningsutstyr dei siste åra. Laget har om lag 20 par skøyteski og 12 par rulleski til utlån. Gruppa eig sju skiskyttervåpen og to skivekikkerter.

Vedlikehold trakkemaskin gjøres litt å dugnad og litt ved innleie frå Owren. Vedlikehold lysløype årlig ved behov.

Arrangement-

Laget arrangerte 3 cup renn i Storfjordcup, Ett renn gikk som hodelyktronn på Høghjellsmyrane pga snømangel. ett sonerenn, SBM cup. Sesongen ble stoppet 12 mars pga Covid 19 derfor ble det ikkje avholdt Valldalsmseterskap i 2020

Aktivitet, trening, konkurransar-

Det har også i sesongen 2020 vore høg aktivitet i laget. Restriksjoner ifbm Covid 19 har ført til litt endring i treninger og samlinger. Vi har i år kun hatt dagsamlinger.

Vi startet opp med treninger for 1 klasse og eldre frå skulestart. Første del av høsten består av rulleskitrening/ rulleskileik. Barmarksperioden går frå høstferien til snøen kjem og når vi har snø er det full fart på ski. Styrketrening i MLH har vi ikkje gjennomført pga restriksjoner pga covid 19.

Tirsdager skitrening. Vi har hatt utetreninger gjennom høsten og vinteren også på onsdager, onsdager styrketrening, torsdager skiskyttertrening. Deltakere i utvalgte renn, fjorårets tall ().

- Midt Norsk langrenn: 1 (1) løper

- Hovedlandsrenn langrenn 1 (1) løper.
- Midt Norsk Skiskyting 13 år og eldre 5 (3) løpere
- Hovedlandsrenn skiskyting 3 (1) løper
- Junior NM Langrenn 1 løper
- Liatoppen skiskytterfestival ,avlyst (11)
- Ungdomsbirken avlyst (4) deltakere
- Birkebeinerrennet avlyst (11)deltakere
- NM rulleskiskyting 1 (0)
- Antall deltakere frå vil på SF cup ca 55 – 60 løpere frå VIL
- Antall startende i SBM cup 11 år og eldre 36 løpere

Resultat –

Økonomi

Hovudtal	2016	2017	2018	2019	2020
Inntekter	315 698	270 494	313 972	304 703	220 878
Utgifter	309 430	311 153	273 270	367 089	141 381
					79 475

Ved årsavslutninga har gruppa innestående i bank kr 208 543, drift (98 534)
(31.12.20) 610 677.- (anlegg)

I tillegg har skigruppa verdiar i trakkemaskin, Skjeldalfres og snøscooter.

Skigruppa har pr 31.12.20 kortsiktig gjeld på kr 0 langsiktig gjeld 0.-

”Verd å nemne”

Arbeidet med nytt skiskytteranlegg skrider frem og vi har i dag samlet inn 1 822 000.- kroner.

Skigruppa, styret

ÅRSMELDING 2020

VALLDAL IL - TRIM

Maria Dvergsdal og Jorg Barthel stiller til gjenvalg for 2 nye år. Styret er som følger:

Leiar: Oddbjørn Hjeltereie Myklebust, 1 år

Kasserar: Jorg Barthel, 2 år

Styremedlem: Maria Dvergsdal, 2 år

Styremedlem: Kari Ulvestad, 1 år

Styremedlem: Øyvor Grue Berdal. 1 år

Vara: Anne Merete Øybrekken, 1 år

Vara: Ivar Hoel, 1 år

Styret har hatt eit møte i 2020 i forbindelse med oppsummering av fjelltrim, i tillegg til årsmøte.

Vi har berre arrangert fjelltrim. Ribbemarsj og sykkeltrim vart avlyst grunna korona.

Grunna smittevern tok vi i bruk Georeg for registrering av turar. Dette har fungert bra og vorte godt mottatt og vi kjem til å halde fram med det.

Aktive deltakarar i fjelltrimmen 2020 vart 20 born og 51 vaksne.

På konto 62759

Arbeidsplan

Vi planlegg fjelltrim, Ribbemarsj og Sykkeltrim om mogleg.

.....

Valldal 31.12.20/24.3.2021

Valldal IL - styret

Einar Hoel Odd Lennart Vikene Trond Håvoll Anne Nygård Ellisiv Valdal Jarvik

Solfrid Fjeldstad Magne Eivind Glomnes Jan Ole Fuglem Oddbjørn Myklebust

Richard Moen